



*Er du på toppen av Trollhøtta bør du gå forsiktig ut på kanten av stupet og sjå ned i botnen. Da vil du sjå Tollaugget med den blå augesteinen som stirrer opp mot deg.  
Foto: Marit Flå*

## TROLLAUGET

Av Marit Flå

Det var ein gang sent på høsten for lenge, lenge sida. Folk som hadde dyra sine på Langsetrene hadde for lengst flytta heim. Dei grå seterhusa var stengt for vinteren med trelemmer for glasa. Husa såg mest ut som store grå steinar som låg utover vegene.

Blada på trea var borte, så dei kronglete bjørkleggene såg ut som rare skapningar i høstmørket. Bekken hadde fått rimfrost i kantene og ein kunne tru at alt var dødt og stille, men det var det så langt i fra. No var det dei som budde inne i fjella som inntok seterdalen.

Dette var små gråe menn med langt skjegg, som ofte kom smettende fram attom røtter og tuver. Dei såg akkurat ut som dei som kjem innom låven i jula for å få seg graut eller ein annan godbit. Og frå stenkløfter i fjellom kom

det vakre ungjenter med langt lyst hår som hang nedover skuldrene. Dei gjekk i sie stakkar, men under stakk-kanten kunne ein skimte ei kurompe som hång ut. Jentene hadde med seg buskapan sin, disse kyrne var så vakre og fine at ingen bønder hadde maken. Dei var svarte og kvite og hadde store krokute horn. På toppen av horna var det festa store sølvknapper.

No flytta disse folk inn på setrene, og det var ein slik kveld da dei underjordiske, som dei vart kalla, satt framom storsteinen og varma seg, at ein utgammel gråkall kom innom huldrejentene. Dei kjende kvarandre frå livet inne i fjellom, så dei ba han sette seg i lag med dei ved bålet og fortelle om den gongen stortrollet ville ut å sjå på livet utom fjellet. Gråkallen var ikke store karen så han fann seg ein liten

knakk og satte seg innåt varmen og tok til å fortelle om den gongen det budde ein heil storfamilie under Svarthetta. Der hadde dei budd i mange hundre år.

Ein dag tok trollfarer sjøl til å snakke om at han hadde lyst til å sjå korleis verda såg ut på utsida av fjellet. Alle som budde inne i fjellet kjente kvarandre, og han visste at både huldrefolket og gråkallane kunne ta seg turar av og til. Dei andre trolla prøvde kva dei kunne for at han ikkje skulle finne på noko slikt, da dei alle viste at det slett ikkje var ufarleg. Det verste av alt var sola, for ingen troll toler den. Men han var ikkje å rikke.

Så ein dag gjekk han langt ut i en åpning i Svarthetta for å sjå kva tid det var trygt å gå ut. Da han stod der og kika fikk han sjå noko som blenkte. Det såg mest ut som gullet han hadde høyrd skulle befinne seg inne i disse fjellom. Men plutselig var det borte. Det tok til å regne og det vart mørkare og mørkare ute.

Da tenkte trollet, no blir det natt, og så ropa han: - no går eg ut ein tur. Men det trollet ikkje viste var at det var lynet som blenkte som gull og at det var ei skikkelig torskur som gjorde at det vart mørkt. Trollet var ikkje før ute av fjellet før skura var over. Dei mørke skyene forsvant og attom dei kom sola.

Da sprakk trollet med ein slik smell at det overgikk alt toever. Hele trollet vart sprengt i filler som flaug fjellimellom og fanst aldri att, så nær som eit auge. Det datt ned på Trollhøtta med ei slik kraft at det vart eit djupt hol. Snipp, snapp, snute – så er det berre det at auget kan du sjå den dag i dag. Når du er på toppen av Trollhøtta og går forsiktig ut på kanten av stupet, da ser du rett ned på Tollaugget med den blå augesteinen som stirrer opp mot deg fra botnen.

– Berre gå å sjå etter. Det er vel ikkje for ingenting at fjellet har namnet Trollhøtta.

Simon Engen Foto forhandler **Canon** og **FUJIFILM**

[www.simonengenfoto.no](http://www.simonengenfoto.no)

**Pikselpotens**  
& Prøv du også!

Du skal ta på, sjekke ut, velge et annet. Vi viser deg vår digitale virkelighet. Alle muligheter, alle prisklasser. Ingen skranker, ingen skrankesyke. Kom inn og test ut!

Digitalt er gøy husk bare å få laget gode papirkopier av de beste bildene.  
Vi hjelper deg gjerne med retusjering og spenstige grep.

**SIMON ENGEN FOT**

SIMON ENGEN FOTO – NORDRE GATE 9 – 7011 TRONDHEIM – TLF. 73 89 78 40

SIMON  
ENGEN  
FOT

Bjørn Saksgård